



ÅMLI KOMMUNE
- BYGDA FOR ALLE



Årsmelding 2014

Vedteke i kommunestyret 28.5.2015 sak K-15/58



INNHALD:

1 Innleiing	5
2 Hovudmåla i kommuneplanen	6
Visjon og hovudmål	6
Kultur og flyktingar	7
Plan og næring	12
Åmli skule	15
Åmli barnehagar, avdeling Beverborga	17
Åmli barnehagar, avdeling Dølemo barnehage og SFO	19
NAV-avdelinga	21
Omsorgsavdelinga	23
Helse	29
Tenesta for funksjonshemma	31
Teknisk	33
Reinhald	35
3 Måloppnåing	37
Tiltaksversikt	37
Status på vedtak i kommunestyret	41
Oversikt over vedtak gjort av administrasjonen etter delegert mynde i klientsaker	46
4 Personalinformasjon	47
Internkontroll	48
Likestilling	49
Etisk standard	49
5 Driftsrekneskapen	50
Hovudversikt drift	50
Netto driftsrammer fordelt på resultateiningane	52
Skatte- og rammetilskotsgrad	52
6 Investeringsrekneskapen	53
Hovudversikt investering	53
Investeringar	54
7 Balanserekneskapen	56
Balanse pr. 31.12	56
Lånegjeld	57
Garantiforpliktelsar	57
Rapportering	57

8 Nøkkeltal drift	59
Befolkningdata pr 01.01.2011, 2012 og 2013.....	59
Finansielle nøkkeltal.....	60
Kommunen sine prioriteringar innanfor utvalgte tenestoområde	60
Kommunen sin dekningsgrad innanfor utvalgte tenestoområde.....	61
Kommunen sin produktivitet/einhetskostnader innanfor utvalgte tenestoområde.....	62
Administrasjonsavdelinga.....	64
Skuleavdelinga	67
Barnehageavdelinga	69
Sosial- og barnevernavdelinga.....	70
Pleie- og omsorgsavdelinga	71
Helseavdelinga	75
Kyrkja	75
Teknisk avdeling.....	76
Plan og næringsavdelinga.....	77
9 Årsmelding for Åmli kraftfond	80



1 Innleiing

I Plan- og bygningslova (Pbl) er formålet med kommuneplanlegginga formulert slik:

"Kommunen skal utføre ei løpande kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innanfor sine område".

Kommuneplanen skal vere ein heilhetleg plan for utviklinga i kommunen som samfunn, der ulike interesser frå statlege føringar til den einskilde innbyggjar sine interesser vert lagt til grunn for vidare tiltak i kommunen. Kommuneplanen skal innehalde ein langsiktig del (10- 12 år) og ein kortsiktig del (4 år). Den langsiktige delen skal omfatte:

- mål for utviklinga i kommunen, retningslinjer for sektorane si planlegging og ein arealdel for forvaltninga av areal og andre naturressursar.

Den kortsiktige delen skal omfatte:

- samordna handlingsprogram for sektorane si verksemd dei næraste åra.

Åmli kommune sine kommuneplandokument:

Kommuneplanen sin langsiktige del med tidshorisont på 12 år (2007-2019).

- mål for utviklinga i kommunen som samfunn og som organisasjon for å nå desse måla
- retningslinjer for gjennomføringa
- arealdel (er rettsleg bindande)

Kommuneplanens langsiktige del skal rullerast kvart 4. år, midt i kvar kommunestyreperiode.

Handlingsprogrammet med ein tidshorisont på 4 år.

- føresetnader og rammer for tiltak i perioden
- tiltak med oversyn over ansvarlege og medverkande for kvart tiltak
- økonomiplan som viser finansieringa av drifta og nye tiltak i perioden sett opp mot kommunens totale inntekter og låneopptak
- årsbudsjettet, som er bindande for bruken av kommunen sine midlar, er første året i handlingsprogrammet

Tiltaka i handlingsprogrammet skal støtte opp om hovudmåla i den langsiktige delen og vise i kva rekkefølge prioriterte tiltak skal gjennomførast.

Handlingsprogrammet rullerast kvart år som grunnlag for årsbudsjettet og på grunnlag av årsmeldinga med resultatvurdering.

Årsmelding med resultatvurdering.

- kommunerekneskapan for føregåande år framstilt på ein enkel måte der hovudtrekka i utviklinga går fram og vert kommentert.
- oppsummering av aktiviteten frå siste året og ei vurdering av resultata mot målsetjingane og plandokumenta. Grunngevingar av fråvik er sentrale i dette dokumentet, framlegg til endring av langsiktige planar skal kome fram her.

2 Hovudmåla i kommuneplanen

Visjon og hovudmål

Bygda for alle

Åmli kommune sin visjon bygger på at vi skal legge til rette for mangfald og fleksibilitet slik at enkeltmennesket kjenner seg respektert og verdsett ut frå egne føresetnader og moglegheiter.

Kommunen sin visjon ønsker vi å nå ved å legge til rette for gode og varierte arbeidsplassar og bumiljø tufta på trygghet, trivsel og livskvalitet

Hovudmåla er:

- Sikre eksisterande arbeidsplassar og skape grunnlag for utvikling av fleire nye, varierte arbeidsplassar i forhold til heiltids- og deltidsplassar, og varierte i forhold til tenesteyting, service og produksjon.
- Skape gode bumiljø i sentrum og ute i grendene basert på ei berekraftig utvikling med vekt på trygghet, trivsel og livskvalitet.

Hovudmåla vil vi nå ved å sette fokus på kommunen som tenesteytar, forvaltar og lokalsamfunnsutviklar i samspill med kommunen sine innbyggjarar.

Hovudmålet om arbeidsplassar omfattar både det å ta vare på og å vidareutvikle eksisterande arbeidsplassar, og det å skape grunnlag for framvekst av nyetablerte arbeidsplassar. Kommunen si rolle som tilretteleggjar, koordinator og samordnar blir viktig for å oppretthalde arbeidsplassar som grunnlag for eit triveleg og godt lokalsamfunn.

Eit grunnleggjande krav for gode bumiljø, er at dei fysiske tilhøva og kommunen si tenesteyting, vert lagt til rette for å ivareta folk sine behov i ulike livssituasjonar

For å sette dette i system, brukar vi prinsippa i balansert målstyring, tilpassa vårt behov. Vårt hovudfokus er kommunen sine innbyggjarar/brukarar, men vi fokuserer òg på våre tilsette og kommunen sin økonomi. Vi tek utgangspunkt i kva vi må lukkast med i våre tenester/forvaltning for å nå kommunen sin visjon og hovudmål, og vi bryt det ned slik at vi er i stand til å registrere måloppnåinga i høve til det vedteke ambisjonsnivået.

Kommuneplanen vert ved denne måten å gjere det på, både ein kommuneplan og ein delplan for våre tenester

Kultur og flyktningar

Innleiing kultur

For at kommunen skal lukkast med hovudmålsettingane knytt til arbeidsplassar og gode bumiljø, er satsing på kultur eit viktig element. Skal vi stoppe flyttestraumen ut av kommunen og få fleire til å flytte inn, må vi skape ein kommune med eit positivt omdømme, og der folk som bur her har høg grad av trivsel. I denne samanhengen er kulturtilbodet sentralt. Åmli kommune ønskjer å framstå som ein kulturkommune med fokus både på historie og kulturarv og den kulturaktiviteten som skapast i dag.

For å oppfylle visjonen om bygda for alle, basert på trygghet, trivsel og livskvalitet, ønskjer kommunen å legge til rette for gode møtestader og gode kulturopplevingar. Det er også viktig å legge til rette for eit aktivt og allsidig fritidstilbod.

Kommunen ønskjer å samarbeide nært og konstruktivt med lag og organisasjonar i kommunen. Kvaliteten og kvantiteten på kulturarbeidet er avhengig av at vi får dette til. Det er eit mål at kulturtilbodet i kommunen er allsidig og variert, og at vi når alle bygdelag og aldersgrupper i kommunen. Barn og unge er likevel ei særleg viktig målgruppe.

Styringskart kultur

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Ambisjonsnivå Resultatmål		Resultat 2014
				Ønska	Godt nok	
Brukarar / Teneste / Samfunn	1. Eit allsidig og levande organisasjonsliv (lag og organisasjonar)	Tildelte prosjektmidlar og investeringsmidlar	Eigen oversikt	40% av totalbeløp lag og org.	30% av totalbeløp lag og org.	Fastsett til 20% f.o.m. 2009
		Vekst i antal søknader aktivitets- og driftsstøtte	Eigen oversikt	+ 5 %	0%	22 søknader i 2012 25 søknader i 2013 25 søknader i 2014
	2. Eit fagleg godt, variert og framtidsretta bibliotektilbod	Utlån pr. innb.	Kostrarstatistikk	Fylkessnitt	Landssnitt	6,25 i 2012 6,46 i 2013 7,01 i 2014 Fylkessnittet er: 4,27
		Besøk pr. innb.	Kostrarstatistikk	Fylkessnitt	Landssnitt	2,25 i 2012 2,43 i 2013 2,50 i 2014 Fylkessnittet er 4,40
		Mediekjøp pr. innbyggjar.	Kostrarstatistikk	+ 10%	+ 5%	Kr. 78,73 i 2012 Kr. 82,77 i 2013 Kr. 83,87 2014 Fylkessnittet er: 26,47
		Opningstid timar/veke.	Kostrarstatistikk	Dagens nivå	Dagens nivå	4 dagar, 17 timar Sommar ope: 4 dagar 22 timar
	3. Ein god og attraktiv kulturskule og gode vilkår for kunst- og kultur	Prosentandel som søker plass i kulturskulen og som ikkje får eit tilbod	Eigen oversikt	0%	5%	2013: 11% 2014: 13%
		Antal tilbod i kulturskulen	Eigen oversikt	9 tilbod	7 tilbod	10 tilbod
		Kor mange søker på plass i kulturskulen.	Eigen oversikt	30% av barna i grunnskulen	20% av barna i grunnskulen	32%
		Deltaking på Ungdommens kulturmønstring	Eigen oversikt	8	5	12

		Antal kulturarrangement (utanom idrett) som t.d konsertar, utstillingar o.l	Eigen oversikt	15	10	22 i 2013 38 i 2014
	4. Ei god formidling og vern av Åmli kommune sin kulturarv	Besøktal på Elvarheim Museum (inkl. sommaren)	Eigen oversikt	1.500	1.250	2013:785 2014: 1370
		Antal arrangement på kulturarvstader i Åmli	Eigen oversikt	7	5	2
	5. Gode friluftsområde og idrettsanlegg som er tilpassa dagens og framtidens behov	Antal søknader om spelemidlar pr. år	Eigen oversikt	4	2	2013: 4 2014: 4
Medarbeidar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjuefråvær	Fråværet i %	4%	6%	2%
		Kompetanse-utvikling	Tal på opplærings-tiltak ihh til opplæringsplan pr år	5	4	7 6 fagdagar for biblioteksjef
			Andel gjennomførte opplærings-tiltak ihh til opplæringsplan pr år	100%	80%	95%
			Andel personar på opplæring pr år	80%	60%	Ca. 50%
		Medarbeidar-medverknad	Brukerundersøking (1-6)	5,0	4,5	Ikke gjennomført
			Andel medarbeider-samtalar	100%	90%	100%
		Avvik HMS i høve til arbeidsmiljø	Talet på avvik	2	4	1
		Avvik eksterne tilsyn i høve til arbeidsmiljø	Talet på avvik	0	0	0
		Trivsel	Brukerundersøking (1-5)	5,0	4,5	Ikke gjennomført
Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Avvik i høve til budsjett nto. driftsramme	Rekneskap pr avd pr år	Som budsjett	+/- 2%	+ 5,52%
	Realistisk budsjett med handlingsrom	Måle om leiarane er tilfredse med ramme til disposisjon	Brukarundersøking (1-6)	5,0	4,0	Ikke gjennomført
		Netto driftsresultat kommunen totalt	Rekneskapstal	Betre enn budsjett	Som budsjett	

Kommentar til besøktal og utlån for Åmli bibliotek i 2014:

Utlån i 2014 er 12853 inkludert e-bøker, som vert lånt ut frå felles database for de to Agder-fylka, det gir eit utlån pr. innbyggjar på 7,01, ei fin auke frå i fjor. Dette ligg godt over snitt i Aust- Agder. Vi har altså høgt utlån trass i av få besøk. Her spelar sjølvstøtt avstand til bibliotek ei rolle. Dersom ein ser på talet "utlån pr årsverk" ligg Åmli høgt med 18271 utlån pr årsverk medan snitt i Aust-Agder er 12021

Besøk på biblioteket i 2014 var 4583, det er 2,50 besøk pr. innbyggjar. Besøk i 2013 er 4084. Dette gir et besøk på 2,25 pr. innbyggjar. Her ligger vi langt under fylkessnittet for 2013 som er 4,40. Vi har likevel auke både når det gjeld besøk og utlån.

Mediekjøp i 2014 var på kr 83,87 pr. innbyggjar. Mediebudsjettet må vel seiest å vere greitt, ein kan stort sett etterkomme ønske frå lånarar. Fylkessnitt er her kr 26,47 i 2013. Her er det klart at små kommunar har ei ulempe, aktuelle bøker må kjøpast også til små bibliotek, men vi får ikkje så mange utlån på dei.

Fire dagar sommarope bibliotek blei svært godt tatt i mot av publikum!



Kommentar kulturskolen:

Stillingsramma for kulturskolen blei auka med 30% i budsjettet f.o.m. hausten 2014. Karin Børufsen slutta samtidig i si 11% stilling som kunsthøgskulelærer, og det blei utlyst ei 41% stilling. Gunn Mariann Arnesen blei tilsett i denne stillinga og underviste hausten 2014 i tre kunstgrupper, ei dramagruppe, samt song og musikk. Salve Kallevig hadde 60% stilling, av dette 20% som kulturskulekoordinator. Freddie Andreassen auka stillinga si til 29%, og Jarle Hagane, som tidlegare blei kjøpt inn frå Kulturskolen Øst i Agder, fekk mellombels 9% stilling som lærar i hardingfele. Det var totalt 72 elevplassar i kulturskolen. Det var samtidig 222 elevar i grunnskolen. Trass i auka stillingsressursar har ventelista i kulturskolen auka frå 7 til 10 elevar. Mange av desse er trommeelevar, som det for tida ikkje finst lærekrefter til. Undervisningstilbodet i 2014 omfatta piano, gitar, ukulele, trekkspel, bass, song, fele, kreativ skaping for 1.-4. klasse og frå 5. klasse, samt drama frå 5. klasse.

Tilbod om gratis kulturskuletime i SFO for 1.-4. klasse, som hadde i alt 22 elevar i dramagrupper i Åmli og på Dølemo hausten 2013, blei nedlagt hausten 2014 då statstilskotet fall bort.

Kommentar til tal på kulturarrangement (utanom idrett) som t.d. konsertar, utstillingar osv.:

Her er det tatt med Kulturtimen på ÅPOS, som er tiltak støtta gjennom Den kulturelle spaserstokken, i samarbeid mellom kommunen, Frivilligsentralen og Folkeakademiet. Det var konsertar og kulturarrangement annankvar fredag mellom kl. 17.00 og 18.00 (hausten 2014 til tider kvar fredag), til saman 22 gonger i 2014. Gjennomsnittleg 20-30 besøkande kvar gong.

Åmli bibliotek hadde fem forfattarbesøk i 2014, tre for vaksne med til saman 65 frammøtte og to for barn og ungdom med til saman 160 elevar til stades. I tillegg har det vore 8 større og mindre arrangement på biblioteket, desse arrangementa er i stor grad knytt til lesestimulering i skule og fritid.

I tillegg har vi rekna med følgjande arrangement der kulturavdelinga i kommunen er medarrangør: Fargerik Fest, kulturkveld på Elvarheim, julemarknad på Grånheia, Grunnlovsjubileumsfest på Elvarheim 17. mai, Lanseringsfest på Dølehall av band 5 av bygdeboka, UKM, sommarutstilling på Elvarheim, OFFroadLAN (2 gonger) og kulturskuleavslutningar (2 gonger).

Vi har ikkje tatt med bygdekino, skule- og barnehagekonsertar og eigne arrangement i regi av lag og organisasjonar som for eksempel Folkeakademiet, konsertar på Vanntårnet om sommaren, store arrangement som Topp Åmli-dagen (der kulturleiar var med i styret i 2014), Heimoverfestivalen eller konsertar/tilstellingar i regi av kyrkja eller private aktørar.

Kommentar til besøktstal på Elvarheim museum:

Åmli kommune kjøpte i 2014 utstillinga "Det vesle folket – beverens liv over og under vatn" av Naturexpo a/s. Alle skuleklasser og barnehagegrupper i Åmli besøkte denne utstillinga etter opninga første helga i juni 2014, i tillegg til at både Åmlifolk og turistar tok turen. Det blei i tillegg opna ei grunnlovsjubileumsutstilling 17. mai, produsert i samarbeid mellom museumsnemnda og skular og barnehagar i kommunen.

Oppfølging av resultatavvik:

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Resultata er stort sett innanfor ambisjonsnivået, men følgjande tiltak er sett i verk:

Venteliste kulturskolen: 13 % (10 elevar) på venteliste i 2014. Våren 2015 er det oppretta to nye tilbod i kulturskolen: musikkgruppe for dei minste (1.-2. klasse) og dansegruppe for 1.-4. klasse. I tillegg blir det gitt tilbod om bandundervisning og musikkgruppe på Timmerodden. Dette har gjort at elevtalet har auka til 85 (Timmerodden er ikkje rekna med her), men 8 elevar er framleis på venteliste, hovudsakleg til trommeundervisning. Våren 2015 blir det lyst ut ein 20% stilling som trommelærar i Åmli kulturskule, i samarbeid med kulturskolen Øst i Agder og Froland kulturskole. Denne stillinga skal brukast både til individuell trommeundervisning, band og anna gruppeundervisning.

Antal arrangement på kulturavstader: 2 arrangement (opning av sommarutstilling på Elvarheim museum, samt opning av sentrumsløype i samarbeid med Åmli turistforum). Det blir jobba med ei aktivitetsveke på Åmli bygdetun i juni 2014 i samband med opninga av sommarutstillinga på Elvarheim museum, "Bondens landskap". Museumsnemnda vil gjennomføre ein guida tur til Trogfjell i samband med Friluftslivets år 2015. Det er søkt om midlar frå Riksantikvaren til arbeid med kulturminneplan i 2015-2017. Eitt av dei prosjekta ein ønskjer å gjennomføre her er registrering og merking av gamle ferdselsveggar i Åmli kommune.

MEDARBEIDARAR

Kulturavdelinga bestod i 2014 av kulturleiar i 100% stilling (som også fungerte som kulturskulerektor og museumsleiar på Elvarheim), bygdebokforfattar i 50% stilling, ungdomsarbeidar i 50% stilling, biblioteksjef i 100% stilling (70% folkebibliotek, 30% skulebibliotek) midlertidig fordelt på to personar (80+20% stilling), badevakt i 11,5% stilling og fire kulturskulelærarar i til saman 139% stilling. Det var lågt sjukefråver i avdelinga i 2014. Resultata er stort sett innanfor ambisjonsnivået, men ein kan merke seg følgjande:

Andel personar på opplæring pr. år:

Av 10 tilsette i kulturavdelinga var 3 på kurs/opplæringstiltak i 2014, i tillegg til at avdelinga samla har gjennomgått delar av e-læringsprogrammet "Vi i kommunen". Desse var kulturleiar, badevakt og biblioteksjef. Fleire av dei tilsette i kulturavdelinga, som for eksempel kulturskulelærarar, har små stillingsbrøkar og jobbar andre stader i tillegg (lærar i grunnskule/vgs). Dette gjer det vanskeleg å delta på kurs på dagtid.

ØKONOMI

Resultata er stort sett innanfor ambisjonsnivået, men ein kan merke seg følgjande:

Avvik i høve til nto budsjettert driftsramme: 5,52% mindreforbruk i 2014. 2014 var første året med eige budsjett for kulturavdelinga. Enkelte tenester, som løn og inntekter frå bassenget, hadde ein ingen tidlegare referansar å budsjettere ut frå, og gav difor usikre tal. Bygdeboka gav større salsinntekter enn budsjettert, samtidig som bygdebokforfattar gjekk over på pensjonistløn. Dette er retta opp i budsjettet for 2015, samtidig som enkelte postar er redusert. For eksempel er drifts- og anleggstøtte til idrettsorganisasjonar redusert frå 40 000 til 20 000, og 50 000 kr. i lisensar på software er overført frå biblioteket til administrasjonsavdelinga (DDØ).

Innleiing flyktningar

Åmli kommune har dei seinare åra vore aktive bidragsytarar i arbeidet med mottak av flyktningar og asylsøkarar. Kommunen ønskjer å halde fram med dette arbeidet. Skal mottaksarbeidet lukkast er det heilt sentralt at vi kan hjelpe dei som kjem til å bli sjølvhjulpne og sjølvstendige menneske. Det betyr bla. At dei må få arbeid slik at dei kan finansiere eigne utgifter. Dette kan by på store utfordringar i Åmli. Grunnen til dette er det begrensa omfanget på arbeidsplassar. Vi må difor vege mottaksvolumet opp imot det aktuelle arbeidsmarkedet vi til ei kvar tid har. Det er òg svært viktig at dei som kjem til Åmli blir godt teke imot og raskt integrert i samfunnet vårt. Skal vi klare dette på ein god måte, må ikkje volumet bli for stort.

Styringskart flyktningar

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Ambisjonsnivå Resultatmål		Resultat 2014
				Ønska	Godt nok	
Brukarar / Teneste / Samfunn	1. Åmli kommune vil ta aktivt samfunnsansvar ved busetting av flyktningar og asylsøkarar. Vedtak om ny busetting blir gjort av kommunestyret etter førespurnad frå UDI/IMDI	Nye flyktningar i gjennomsnitt pr. år (ekskl. familieattføring)	Eigen oversikt	10 personar dersom familie. Inntil 6 dersom einslege	1 familie	6 (1 familie)
	2. Flyktningar og asylsøkarar som blir busette i Åmli skal så snart som mogeleg bli sjølvstendige og økonomisk sjølvhjulpne samfunnsborgarar	Gjennomsnittleg lengde introduksjonsperioden	Kostratal	18 mnd	24 mnd	5 personar avslutta intro. (2 av dei gjekk til grunnskule)
	3. Busette flyktningar og asylsøkarar skal så snart som mogeleg oppleve aktiv og god sosial integrering i lokalsamfunnet og hjelp til å leve fullverdige og gode liv i Åmli.	Opplevd tryggleik, inkludering og motivasjon	Årleg spørjeundersøking. Skala frå 1 til 6 (1 er dårleg nøgd, 6 er svært godt nøgd)	5,0	4,0	Har ikkje hatt sp.unders.

I 2014 var det 2 personar i KVALIFISERINGSPROGRAMMET, men for den eine personen vart programmet avslutta i oktober 2014. Gjekk til fast jobb.

Plan og næring

Åmli kommune har rike natur- og arealressursar som har danna grunnlag for busetting i gode bumiljø og som har vore den viktigaste ressursen for sysselsetting i generasjonar. Ein må søke å forvalte desse ressursane for framtida slik at dei framleis vil kunne danne grunnlag for gode bumiljø og trygging av arbeidsplassar.

Plan- og næringsavdelinga har eit særskilt ansvar for tilrettelegging av dei fysiske og økonomiske grunnføreasetnadene for vekst innan områda for hovudmålsettingane om auka busetting og auka sysselsetting. Denne planen har eit spesielt fokus på hyttebygging der store areal er lagt ut til område for hyttebygging. Det vidare fokuset vil være å bidra på fleire måtar til at ein får realisert flest mogeleg av desse hytteområda på ein måte som gjer dei attraktive i hyttemarknaden og som samtidig tek vare på naturkvalitetane i Åmli. Det vil og bli ei utfordring å utvikle tenesteytande næringar knytt til hytteparken, slik at ein får langsiktige, gode sysselsettingseffektar av hyttebygginga.

For å styrke primærnæringsane vil ein arbeide for å utvikle gode produksjonsmiljø i samarbeid med m.a. Norsk landbruksrådgiving Agder. Vidare er det viktig å dyrke mangfaldet i næringsutviklinga, slik at ein styrkar tenestetilbodet for innbyggjarane og slik at samfunnet ikkje vert for sårbart for endringar i konkurranseføreasetnadene i einskilde næringar. Det vil såleis være ei utfordring å vidareutvikle Åmli sentrum som eit attraktivt og tidsmessig handels- og servicesenter for kommunen og dei omkringliggende bygdene. Ein ser det òg som særskilt viktig å jobbe for å behalde Åmli vidaregåande skule som ein læringsarena med god kvalitet og med høge elevtal.

Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Ambisjonsnivå Resultatmål		Resultat 2014
				Ønska	Godt nok	
Brukarar	Brukaren opplever effektiv forvaltning	Saksbehandlingstid på matrikelbrev	ePhorte – varsel	40 dagar	40 dagar	42 dagar
		Saksbehandlingstid på byggesaksbehandling – meldepliktig	ePhorte – varsel	3 veker	3 veker	8 dagar
		Saksbehandlingstid på byggesaksbehandling – søknadspliktig	ePhorte – varsel	8 veker	12 veker	10 dagar
		Kartdekning i forhold til Fylkesgeodataplanen (FGP)	%-vis oppnådd kartdekning i dekar av mål i FGP	100%	80%	95%
Teneste / samfunn	Næring, Handel & Sysselsetting					
	Kommunen skal satse på utvikling og tilrettelegging for næringsverksemd både gjennom vidareutvikling av infrastruktur (veg, jernbane, fly, post, tele, og data) og ved direkte støtte til etablering av arbeidsplassar og ved å prioritere saker som kan føre til auka sysselsetting gjennom etablering av nye bedrifter eller utviding i eksisterande bedrifter.	Nye arbeidsplassar i nyetablerte bedrifter	Brønnøysundregistre + lokalkunnskap	5 nye/år	3 nye/år	2 arbl. i 2 bedr
		Arbeidsløyse	Statistikk frå Aetat	3%	5%	Menn : 1,9 % Kvinner: 2,0 %
		Ledig ferdig regulert næringsområde	Telle tal på dekar	Åmli S = 50 Dølemo = 10 Nelaug = 10	Åmli S = 30 Dølemo = 0 Nelaug = 0	Engenes 56 da, Hegna 16 da og Jordøya 135 da
Ledig areal i næringsområde		Telle tal på dekar	Åmli S = 100 Dølemo = 20 Nelaug = 20	Åmli S = 50 Dølemo = 10 Nelaug = 10	Ingen endring i 2014	



Teneste / samfunn	Åmli skal være ein attraktiv stad i regionen for hyttebygging	Byggeløyve nye hytter (8 pr år i gj.sn. for perioden 2001-2005)	SSB/Kostra	100/år	50/år	6	
	Legge til rette for ei jamn auke i innbyggjartalet	Auke i folketalet	SSB / Folkeregister	50 nye per år	30 nye per år	22	
	Legge til rette for eit variert butilbod og aktivt medverke til at det vert etablert attraktive bustader som er tilpassa den einskilde sin livssituasjon, arealbehov og økonomiske evne.	Ledige, byggeklare bustadtomter	Telle tal på ledige tomter	Åmli S = 10 Dølemo = 5 Nelaug = 5	Åmli S = 5 Dølemo = 2 Nelaug = 2	Åmli 19 Dølemo 8 Nelaug 5	
		Tal på byggeløyve gitt på bustadhus/eining.	Telle tal på byggeløyve gitt på bustadhus/eining. SSB/Kostra	Åmli S = 7 Dølemo = 2 Nelaug = 2	Åmli S = 4 Dølemo = 1 Nelaug = 1	Åmli 6	
	Vilt, Fiske, Friluftsliv & Miljø						
	Gje allmenta tilgang til gode fiskevassdrag.	Brutto salsverdi av fiskekort	Rapport frå fiskelaga	10% auke per år	5% auke per år	Summen av 2013 og 2014 gir en 74 % økning frå 2011	
		Felles fiskekort for vatn og elvestrekningar i hovudvassdrag i Åmli kommune.	Prosentvis dekning av elvestrekningar i hovudvassdrag som er med i felles fiskekort.	90%	50%	>90 %	
	Det skal vere god tilgang til område for friluftsliv, både større fjernområde for lengre turar (fjernrekreasjon) og mindre område nær busetting (nærrekreasjon). Tilgjenge bør sikrast gjennom arealplanar og avtalar med grunneigarane. Tilrettelegging, som t.d. parkeringstilhøve, merking, bomvegar m.m., må sikrast ved dei mest brukte utfartsområda.	Samla lengde (km) av turvegar, turstigar og løyper som er tilrettelagt for sommarbruk.	SSB/Kostra (72 km per 2006)	200 km	2010 = 100 2014 = 125 2018 = 150	198	
		Samla lengde (km) skiløyper som blir maskinpreparert (snøatterhald)	SSB/Kostra (17 km per 2006)	100 km	2010 = 30 2014 = 50 2018 = 70	63	
	Kommunen skal basere sitt energiforbruk i størst mogeleg grad på fornybar energi.	Del av totalt kommunalt energiforbruk henta frå biobrensel.	Måle % av tal på totalt kilowattforbruk	2010 = 20% 2014 = 30% 2018 = 40%	2010 = 15% 2014 = 20% 2018 = 25%	0 %	
Oppretthalde og auke talet på dekar jordbruksareal i drift (inkl. innmarksbeite)	Talet på dekar	Opplysningar frå produksjonstilskotss øknader (8769 da i 2006, SSB/Kostra)	2010 = 9500 2014 = 9750 2018 = 10000	2010 = 9400 2014 = 9450 2018 = 9500	9638		
Kommunen skal stimulere til å auke den lokale verdiskapinga i landbruket ved å arbeide for å utvikle gode produksjonsmiljø.	Talet på føretak som søker om produksjonstilskot.	Opplysningar frå produksjonstilskotss øknader (46 stk i 2006, SSB/Kostra)	2010 = 52 2014 = 55 2018 = 58	2010 = 50 2014 = 51 2018 = 52	44		

	Auke den lokale verdiskapinga i skogbruket	Tal på dekar planta/markbereda	Årsrapport frå Skogselskapet i A-Agder (tal i parentes = gj.sn.siste 5 år frå 2002-06)	1500	1000 (1050)	140 daa planta areal 100 daa markberedt areal
		Tal på dekar utført ungsogpleie		2000	1500 (1380)	2000
		Avvirka i % av årleg balansekv.		80%	60%	60 %
Medarbeidarar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjuefråvær	Fråværet i %. Snitt	4%	5%	1,01
		Kompetanseutvikling	Tal på opplæringstiltak jf opplæringsplan pr år	5	3	5
			Andel gjennomførte opplæringstiltak jf opplæringsplan pr år	100%	80%	Opplæringsplan ikkje vedtatt
			Andel personar i opplæring pr år	50%	30%	100 %
		Medarbeidarmedv erknad	Brukarundersøking (1 – 5)	4,0	3,0	Ikke aktuelt i 2014.
			Andel medarbeidersamtalar	100%	70%	100 %
		Avvik HMS i høve til arbeidsmiljø	Talet på avvik	5	10	0
		Avvik eksterne tilsyn i høve til arbeidsmiljø	Talet på avvik	0	0	0
Trivsel	Brukarundersøking (1-6)	4,0	3,0	Ikke aktuelt i 2014.		
Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Avvik i høve til budsjett netto driftsramme	Rekneskap pr. avdeling pr. år	Som budsjett	+/- 2%	63 000/88,5 %
	Realistisk budsjett med handlingsrom	Måle om leiarane er tilfredse med ramme til disposisjon	Brukarundersøking (1-6)	5,0	4,0	Ikke i 2014.
		Netto driftsresultat kommunen totalt	Rekneskap	Betre enn budsjett	Som budsjett	4 611 096

Oppfølging av resultatavvik:

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Brønnøysundregistrene opererer med helt andre tall enn de reelle når det gjelder etableringer av foretak og arbeidsplasser. Det er mange grunner til registreringer. Endring av foretaksform, foreninger som skal ha bankkonto må ha et foretaksnummer, oppdeling av selskaper mm

MEDARBEIDARAR

De ansatte på avdelinga deltar gjennom året på flere kurs og fagsamlinger innen sitt fagfelt.

ØKONOMI

Netto driftsramme for avdelinga var i 2014 på kr 548 691, driftsresultatet kr 485 577. Avviket i prosent av netto driftsramme blir da 11,5%.

Åmli skule

Innleiing

Åmli kommune skal ha ein skule der alle elevar opplever ei heilskapleg utvikling intellektuelt, psykisk, sosialt og fysisk.

Elevane skal få utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og få rom til å vere kreative.

Skulen skal legge vekt på fysisk fostring og uteaktivitet.

Kommunen skal legge til rette for eit desentralisert skulemønster.

Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Ambisjonsnivå Resultatmål		Resultat 2014	
				Ønska	Godt nok		
Brukarar	Tilpassa opplæring for alle	Antal differensierte arbeidsplanar	Telje gj.snitt. pr. klasse	6	3	Lite aktuell indikator sidan skulen har eit godt innarbeidd test og kartleggingsgrunnlag. Vidare har vi gode differensierte planar gjennom vurdering for læring.	
			Telje gj.snitt testar pr. klasse pr. år	3	2,6		
		Antal elevsamtalar m.o.t. rådgjeving/ rettleiing	Telje gj.snitt pr. elev pr. år	5	4		To strukturerte samtalar i tråd med retningsliner. I tillegg utviklingssamtalar i tråd med vurdering for læring.
		Læringsutbytte	Nasjonale prøver, eksamenar	Betre enn gjennomsnitt	Gjennomsnitt.		Vi har dette året prestert noko under gjennomsnitt. Gjennom pågåande tiltak har vi von om god utvikling. Jentene presterer på gjennomsnittsnivå.
		Resultat av eventuelt tilsyn	Tal på avvik	0	0		0
	Godt skulemiljø	Blir eleven "sett"/trivsel	Brukarundersøking (skala 1-6)	5,0	4,2	4,55	
		Mobbing (sjå kommentar under målkartet)	Brukarundersøking	0,0	1,0	4,75	
	Brukarmedverknad	Opplevd brukarmedverknad	Brukarundersøking (skala 1-6)	5,0	4,0	Det var for liten svarprosent til å trekke slutningar.	
		Tal elev/foreldre - samtalar	Gj. snitt pr. elev/foreldre	7	6	2 strukturerte samtalar i tråd med retningsliner. (sjå elles pkt. under tilpassa opplæring)	
	Skulefritidstilbod til alle som ynskjer det.	Dekningsgrad	Antal plassar/ antal søknader	100%	90%	100%	

Merknad:

Måleindikatorane for mobbing er endra i tråd med dei andre indikatorane i elevundersøkinga. Resultata er gode, men vi arbeider gjennom "Betre læringsmiljø" for at desse skal bli endå betre.

Medarbeidarar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjuefråvær	Fråværet i %. Snitt	4%	5%	Dette har vore noko høgt grunna alvorlege sjukdomar. Det kjem fram at det ikkje er fråver som er relatert til arbeid.
		Kompetanseutvikling	Opplæringstiltak.	3	2	
			Gjennomførte opplæringstiltak i tråd med plan.	100%	80%	Heile personalet har hatt felles kursing/seminar om "Betre læringsmiljø". Felles intern kursing med regning i alle fag. Alle skal frå hausten med i ungdomsskulesatsinga (Motivasjon og Mestring)
			Del av personalet på opplæring per år	50%	30%	30% på eksterne kurs.
		Medarbeidarmedverknad	Brukarundersøking (1 – 5)	4,0	5,0	Ikkje prøvd.
			Medarbeidar-samtalar per år	100 %	70 %	100%
		Avvik HMS i høve til arbeidsmiljø.	Talet på avvik	5	10	?
		Avvik eksterne tilsyn i høve til arbeidsmiljø.	Talet på avvik	0	0	?
		Trivsel	Brukarundersøking (1 -5)	4,0	3,0	Ikkje prøvd, men medarbeidersamtalane viser høg grad av trivsel.
Økonomi	Økonomi God økonomi- og budsjettstyring Avvik i høve til budsjett nto. driftsramme	Rekneskap per avd. per. år	Som budsjett	+/- 2%	+ 0,89 %	
	Realistisk budsjett med handlingsrom Måle om leiarane er tilfredse med ramme til disposisjon	Brukarundersøking (1 – 6)	5	4	Ikkje prøvd.	
	Netto driftsresultat kommunen totalt	Rekneskapstal	Betre enn budsjett	Som budsjett	Betre enn budsjett.	

Oppfølging av resultatavvik:

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Vi ligg over planlagt nivå på kursing. Dette meiner vi vil slå positivt ut framover.

MEDARBEIDARAR

Vi har god og nødvendig fagkompetanse på samtlege fagområde.

ØKONOMI

God økonomikontroll gjennom heile året.

Åmli barnehagar, avdeling Beverborga

Innleiing

Åmli kommune skal ha høg kvalitet på barnehagetilbodet. Dei som ønskjer det skal få plass, og tilbodet skal til ein kvar tid samsvare med krav og forventningar i samfunnet elles. Barnehagen skal gje barn frå 0-6 år eit pedagogisk tilbod i samarbeid med heimen til borna.

Den kommunale barnehagen har eigen årsplan som seier meir om innhaldet i verksemda.

Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Ambisjonsnivå Resultatmål		Resultat 2014
				Ønska	Godt nok	
Brukarar	Barnehageplass til alle som ønskjer det	Dekningsgrad	Antal plassar/ antal søknadar	100%	100%	100%
	Eit brukartilpassa tilbod	Tilfredse brukarar	Brukarundersøking Skala 1-6	5,5	5,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014
	Eit pedagogisk godt tilbod	Antal tilsette med relevant utdanning	Andel tilsette med relevant utdanning	100%	90%	100%
		Tilfredse brukarar	Tilfredse brukarar vedr. omfang (opningstider, storleik) på tilbodet.	5,5	5,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014
		Barneintervju barn over 3 år	Barneintervju pr.barn pr. år	2	2	1
		Resultat tilsyn	Tal på avvik	0	0	ikkje tilsyn i 2014
	Legge til rette for aktiv brukermedverknad	Foreldremøte	Antal foreldremøte i barnehageåret	2	2	1
		Foreldresamtalar	Antal foreldresamtalar i barnehageåret	2	2	2
		Barneintervju	Antal barneintervju pr. barn pr. år	2	2	1
	Medarbeidarar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefråvær	Fråværet i %	5%	7%
Kompetanseutvikling			Tal på opplærings-tiltak ihh til opplæringsplan pr år	5	4	5
			Andel gjennomførte opplærings-tiltak ihh til opplæringsplan pr år	100%	80%	100%
			Andel personar på opplæring pr år	100%	80%	100%
Medarbeidermedvirkning			Brukarundersøking (1-6)	5,0	4,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014
			Andel medarbeidarsamtalar pr år	100%	70%	90%
Avvik HMS i høve til arbeidsmiljø			Talet på avvik	5	10	10 avvik i QM+
Avvik eksterne tilsyn i høve til arbeidsmiljø			Talet på avvik	0	0	0
Trivsel	Brukarundersøking (1-6)	5,0	4,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014		

Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Avvik i høve til budsjett nto. driftsramme	Rekneskap pr. avd. pr. år	Som budsjett	+/- 2%	9,77%
	Realistisk budsjett med handlingsrom	Måle om leiarane er tilfredse med ramme til disposisjon	Brukarundersøking (1-6)	5,0	4,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014
		Netto driftsresultat kommunen totalt	Rekneskapstal	Betre enn budsjett	Som budsjett	Betre enn budsjett

Oppfølging av resultatavvik:

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Barnehagen har etter ei evaluering valt å ha berre eitt planlagt barneintervju i løpet av barnehageåret, og då av dei eldste barna. Likeins synar erfaringar at eit fast, planlagt foreldremøte i løpet av året har vore tilstrekkeleg. Dette møtet blir held på hausten – og elles ved behov.

Barnehageavdelinga har ikkje hatt brukar/-medarbeidarundersøkingar i 2014

MEDARBEIDARAR

Sjukefråværet har gått ned frå 6,17 % i 2013 til 3,59 % i 2014. Fråværet er godt under ambisjonsnivået vårt, som ligg på 7 %.

ØKONOMI

Beverborga Barnehage hadde eit underskott på kr. 298 720,- i forhold til budsjett.

- Underskottet skuldast i all hovudsak auka lønnsutgifter i samband med bruk av ekstra personell ved inntak av barn i barnehagen gjennom haustsemesteret 2014.



Åmli barnehagar, avdeling Dølemo barnehage og SFO

Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Ambisjonsnivå Resultatmål		Resultat 2014
				Ønska	Godt nok	
Brukarar	Barnehageplass til alle som ønskjer det	Dekningsgrad	Antal plassar/ antal søknadar	100%	100%	100%
	Eit brukartilpassa tilbod	Tilfredse brukarar	Brukarundersøking Skala 1-6	5,5	5,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014
	Eit pedagogisk godt tilbod	Antal tilsette med relevant utdanning	Andel tilsette med relevant utdanning	100%	90%	100%
		Tilfredse brukarar	Tilfredse brukarar vedr. omfang (opningstider, storleik) på tilbodet.	5,5	5,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014
		Barneintervju barn over 3 år	Barneintervju pr.barn pr. år	2	2	1
		Resultat tilsyn	Tal på avvik	0	0	0
	Legge til rette for aktiv brukermedverknad	Foreldremøte	Antal foreldremøte i barnehageåret	2	2	2
		Foreldresamtalar	Antal foreldresamtalar i barnehageåret	2	2	2
		Barneintervju	Antal barneintervju pr. barn pr. år	2	2	1
	Medarbeidarar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefråvær	Fråværet i %	5%	7%
Kompetanseutvikling			Tal på opplærings-tiltak ihh til opplæringsplan pr år	5	4	5
			Andel gjennomførte opplærings-tiltak ihh til opplæringsplan pr år	100%	80%	80%
			Andel personar på opplæring pr år	100%	80%	100%
Medarbeidermedvirkning			Brukarundersøking (1-6)	5,0	4,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014
			Andel medarbeidarsamtalar pr år	100%	70%	90 %
Avvik HMS i høve til arbeidsmiljø			Talet på avvik	5	10	3 avvik rapportert i QM+
Avvik eksterne tilsyn i høve til arbeidsmiljø			Talet på avvik	0	0	0
Trivsel	Brukerundersøking (1-6)	5,0	4,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014		

Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Avvik i høve til budsjett nto. driftsramme	Rekneskap pr. avd. pr. år	Som budsjett	+/- 2%	-4,34 %
	Realistisk budsjett med handlingsrom	Måle om leiarane er tilfredse med ramme til disposisjon	Brukarundersøking (1-6)	5,0	4,0	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2014
		Netto driftsresultat kommunen totalt	Rekneskapstal	Betre enn budsjett	Som budsjett	Betre enn budsjett

Oppfølging av resultatavvik:

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Barnehageavdelinga har ikkje hatt brukar-/medarbeidarundersøkingar i 2014

MEDARBEIDARAR

I 2014 var sjukefråværet på 5,00 %. Dette er ein nedgang på 12,12 % frå året før.

ØKONOMI

Dølemo barnehage hadde eit **overskott** på kr. 77 221,- i forhold til budsjett

- Overskottet skuldast mellom anna innsparing i løn og sosiale utgifter. Det har og vore noe høgre brukarbetaling enn budsjettet.
- I tillegg kjem innsparingar på vikarutgifter, samt refusjonar ved langtidsfråvær.

SFO – Dølemo

SFO-Dølemo hadde eit **underskott** på kr. 60 400,- i forhold til budsjett

- Underskottet skuldast i all hovudsak uventa og høgre lønsutbetaling enn budsjettet

Totalt hadde barnehageavdelinga inkl. SFO på Dølemo eit underskott i 2014 på 4,58 %, sum kr. 221 501,-, i forhold til budsjett.

NAV-avdelinga

Innleiing

Sosialtenesta skal fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskelegstilte, bidra til auka likeverd og førebygge sosiale problem. Det skal satsast spesielt på førebyggjande arbeid med stor grad av brukarmedverknad.

Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Ambisjonsnivå Resultatmål		Resultat 2014
				Ønska	Godt nok	
Brukarar / teneste / Samfunn	Gje brukarane eit individuelt tilpassa tilbod slik at dei gjennom medverknad kan bli sjølvhjulpne	Andel stønadstilfelle med økonomisk sosialhjelp i 6 månadar eller meir	Statistikk	25%	30%	2%
		Individuelle planar/tiltaksplan	Andel planar i høve til stønadstilfelle	20%	10%	0
		Brukaren si oppleving av medverknad	Brukarundersøking (1-6)	5,2	4,0	Inga undersøking i 2014
	Gje brukaren ei tilgjengeleg teneste	Bemanna opningstider	Registrere talet på avvik	5,0	4,0	2
		Brukaren si oppleving av tilgjenge	Brukarundersøking (1-6)	0	2	Inga undersking i 2014
Medarbeidarar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefråvær	Fråværet i %	4%	5%	19,1 %
		Kompetanseutvikling	Tal på opplærings-tiltak ihh til opplæringsplan pr år	5	4	23 kursdagar
			Andel gjennomførte opplærings-tiltak ihh til opplæringsplan pr år	100%	80%	Over 100 %
			Andel personar på opplæring pr år	100%	80%	100 %
		Medarbeidarmedverknad	Brukarundersøking (1-6)	5	4	Ingen resultat i 2014 grunna bemanningssituasjonen
			Andel medarbeidarsamtalar pr år	100%	80%	100 %
		Avvik HMS i høve til arbeidsmiljø	Talet på avvik	5	10	
		Avvik eksterne tilsyn i høve til arbeidsmiljø	Talet på avvik	0	0	Ingen tilsyn
Trivsel	Brukarundersøking (1-6)	5,0	4,0	Ingen resultat i 2014 grunna bemanningssituasjonen		
Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Avvik i høve til budsjett nto. driftsramme	Rekneskap pr avd. pr. år	Som budsjett	+/- 2%	9,75 %
	Realistisk budsjett med handlingsrom	Måle om leiarane er tilfredse med ramme til disposisjon	Brukarundersøking (1 – 6)	5,0	4,0	-
		Netto driftsresultat kommunen totalt	Rekneskapstal	Betre enn budsjett	Som budsjett	Betre enn budsjett

Oppfølging av resultatavvik:

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Talet på stønadstilfelle var om lag på nivå med 2013. Det var ikkje gjennomført brukarundersøking i 2014. Det vart gjennomført medarbeiderundersøking i 2014, men grunnlaget var for lågt til å gi ei representativ måling.

MEDARBEIDARAR

Sjkefråværet i avdelinga har vore høgt i 2014 også. Bemanningssituasjonen har vore utfordrande.

ØKONOMI

Mindreforbruk i forhold til budsjett på 9,75 %.

Omsorgsavdelinga

Innleiing

Åmli Kommune vil tilby langtidsplass på ÅPOS til dei som ut frå faglege vurderingar treng slik plass. Faglege vurderingar vil være styrande for kva slags avdeling som er passande for dei som får tilbod om plass. Det skal bli gjeve tilbod om einerom og individuell oppfølging slik at brukarane lengst mogleg kan oppretthalde sine fysiske og psykiske funksjonar.

Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Ambisjonsnivå Resultatmål		Resultat i 2014
				Ønska	Godt nok	
Brukarar / teneste / Samfunn	Bebuarane får individuell pleie, slik at dei lengst mogleg opprettheld sine fysiske og psykiske funksjonar	Funksjonsnivå langtidsavd.	IPLOS	3-4	4-5	3,6
		Funksjonsnivå skjema avde.	IPLOS	3	4	3,9
	Nok plassar ved institusjon (PLO)	Belegg langtidsavd.	Profil	100%	95-103%	89%
		Belegg skjema avd.	Profil	100%	100%	82%
		Pasientar med langtidsvedtak på Rehab. avd.	Tal på pasientar med langtidsvedtak på Rehab.	1 brukar	3 brukarar	0
	God kvalitet på brukarretta arbeid	Nok fagfolk på jobb ifht bemanningsplan	Dekningsgrad sjukepleiarar	100%	90%	80%
			Dekningsgrad sjukepleiarar/ hjelpepleiarar	100%	90%	95%
		Brukarundersøking	Grad av tilfredshet (skala 1 – 4)	3,0	2,0	(skala 1-2 i 2012) 2,0
	Kjøkkenet leverer god og næringsrik mat til individuelle behov og tidspunkt	Brukarundersøking	Grad av tilfredshet (skala 1 – 4)	3,0	2,0	(Skala 1-2 i 2012) 1,9
	ÅPOS er ein institusjon med gode rutinar på reinhald samt behandling av smittefarlig tøy og avfall.	Reinhald blir utført etter oppsett reinhaldsplan og retningslinjer	Tal på avvik pr. år	0	0	0
	God samhandling med og involvering av pårørande til pasientane på ÅPOS	Brukarundersøking	Grad av tilfredshet (skala 1 – 4)	3	2	(Skala 1-6 i 2012) 5,6
		Kontakt med pårørande	Tal på kontakt pr. år	2	1	1
	ÅPOS har godt samarbeid med lag og organisasjonar i Åmli kommune, t.d. Frivillighetssentralen	Tiltak som er i gang	Tal på tiltak	3	1	2
		Kontakt med organisasjonar med ifht samarbeidsprosjekt	Tal på kontakt pr. år	2	1	1

Medarbeidarar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefråvær	Fråværet i %	10%	14%	8,87
		Opplæringsaktivitet	Tal på gjennomførte opplærings tiltak pr år	5	4	14
			Andel personar på opplæring pr år	50%	30%	18
		Medarbeidarmedverknad	Talet på avdelingsmøter pr år	10	7	
			Andel medarbeidarsamtalar pr år	100%	70%	60%
		Avvik HMS	Talet på avvik	0	0	165 i QM+
		Avvik eksterne tilsyn	Talet på avvik	0	0	0
Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Avvik i høve til budsjett nto. driftsramme	Rekneskap pr avd. pr. år	Som budsjett	+/- 2%	8 ÅPOS
	Realistisk budsjett med handlingsrom	Måle om leiarane er tilfredse med ramme til disposisjon	Brukarundersøking (1 – 6)	5,0	4,0	20 heimespl.
		Netto driftsresultat kommunen totalt	Rekneskapstal	Betre enn budsjett	Som budsjett	5 heimehjelp

Oppfølging av resultatavvik:

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Brukerundersøkelse er frå 2012. Vi samarbeider mest med er Frivillighetssentralen, Folkeakademiet, og kulturavdelinga.

